



Gjenopninga av Vertshuset var ei svært viktig hending denne sommaren og her markerar prosjektleiar og møteleiar måndag kveld Kristian Bringedal den. Eigar Røssland og løyvehavar Johan Henrik Lyse står til høgre. (Foto. Ola Matti Mathisen)

### Kva har gått bra denne sesongen og kva kan vi gjera betre neste sesong?

Dette blir eit sentralt spørsmål når sommarsesongen 2008 skal oppsummerast i Gamleskulen klokka 19 måndag kveld.

Dette er sesongopning for Dialogforumet og det er viktig at aktørane innan turisme og reiseliv i bygda møter fram og fortel om drifta denne sommaren. Opninga av Vertshuset er til dømes ei svært viktig hending men kva er erfaringane så langt?

Det blir også ein viktig programpost om nytt reiselivslag i Kvinnerad, som kanskje får startskotet under eit møte i Rosendal onsdag. No får uskedelingane sjansen til å seia kva dei meiner om nytte og bruk av eit slikt lag. Forslagsstillar i formannskapet, uskedelingen Torfinn Myklebust, kommer til møtet. Forslaget hans om nystart av eit slikt lag har førebels fått ei god mottaking på våre kantar, men det er kanskje ein viss usemje om kommunen si rolle.

Viktige saker i hausthalvåret er også ein av programpostane.

Av Ola Matti Mathisen